



## Årsmelding Ålvik kyrkjelyd 2023.

I 2023 hadde det avtroppande Ålvik sokneråd 8 møter. I tillegg har digitale plattformer vert nytta der det var mogleg. 2 av desse var møter med det nye soknerådet.

Det nye soknerådet hadde 2 møter i 2023.

### **Medlemmar fram til og med oktober 2023:**

Ragnhild Irene Nordheim, Knut Hovland, Lisbeth Henriksen, Aud Aga,  
Gunn Marie Aalvik, Tove Øvrevik, Solveig Botnen og Gunn Karin Øvrevik.

Varamedlemmar: ingen

Leiar: Ragnhild Irene Nordheim

Nestleiar: Knut Hovland

Skrivar: Lisbeth Henriksen

Kasserar: Aud Aga

### **Medlemmar frå 1. november 2023:**

Ida Lindøe, Lisbeth Henriksen, Marie Skeie, Karianne Saksgård; Gudveig Aga  
Augestad, Arvid Augestad

Varamedlemmar: Åshild Egdetveit, Andre Dahle, Anders Kvarmestøl Aalvik, Helge Karlsøen.

Leiar: Ida Lindøe

Nestleiar: Lisbeth Henriksen

Skrivar: Marie Skeie

Kasserar: Marie Skeie

### **Statistikk kyrkjelege handlingar.**

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Døypte	5	5	7	1	7	4	4
Konfirmerte	8	8	9	9	2	11	6
Vigslar	0	1	1	0	1	1	1
Gravferd	10	12	7	7	11	9	10



### Statistikk gudstenester.

	2019	2020	2021	2022	2023
<b>Gudsteneste</b>	22	12	19	25	17
<i>deltakarar</i>	1762	330	455	885	789
<i>snitt pr. gudsteneste</i>	80	28	24	35	46
<b>Gravferder</b>					10
<i>deltakarar</i>					1077
<i>snitt pr gravferd</i>					108
<b>Gudsteneste med nattverd</b>	5	3	1	3	7
<i>deltakarar nattverd</i>	51	28	5	16	50
<i>snitt pr nattverd</i>	10	9	5	5	7
<b>Åndakt Ålvik pensjonistheim, arr.</b>	0	16	16	12	9
<b>Kyrkjetreff (ettermiddagstreff)</b>	6	1	1	6	1
<i>deltakarar kyrkjetreff</i>	73	14	14	73	16
<i>snitt pr kyrkjetreff</i>	12	14	14	12	16
<b>Kulturkveld</b>	2	1	0	0	0
<i>deltakarar kulturkveld</i>	82	29	0	0	0
<i>snitt pr kulturkveld</i>	41	29	0	0	0
<b>Syng jula inn, antal personar</b>	104	0	0	109	210
<b>Konsertar, antal</b>	1	1	0	1	1
<i>deltakarar konsertar</i>	47	21	0	102	126
<i>deltakarar pr konsert</i>	47	21	0	102	126
<b>Strikketreff</b>	4	2	0	2	2
<i>deltakarar strikketreff</i>	80	20	0	16	12
<i>snitt pr strikketreff</i>	20	10	0	8	6

### Gudstenester.

I 2023 vart det halde 17 gudstenester, framsmøtte 789 personar. 1 gudsteneste har vore særst tilrettelagt for skuleborna, og 3 har vørt særleg tilrettelagt for ungdommen. Det har vore 1 gudsteneste tilrettelagt for barnehagebarn i 2023. Det har vore 7 gudsteneste med nattverd. 4 born vart døypt. På gudstenesta med lavast antall deltakar var det 13 framsmøtte. På gudstenesta med flest framsmøtte var det utdeling av 4- og 6 årsbok, totalt 70 stk møtta opp. Det var 6 konfirmantar, 1 vigsler og 10 gravferder. Gravferdene hadde 1077 deltakarar. Det er arrangert 13 felles gudstenester med andre sokn. For å synleggjere antall deltakarar pr gudstenestar enno betre er gravferder blitt eit eiga punkt i statistikken, dei tidlegare åra var gravferdene slått saman med vanlege gudstenestar i statistikken.

### Andakter.

Det har vore 9 andaktar på Ålvik pensjonistheim ved Dag-Endre Hansen og vikarprestane Roar Strømme og Arne O. Øystese. Soknerådet takkar dei for innsatsen.

### Kyrkjetreff.

Det har vore 1 ettermiddagstreff med talar/foredrag, med musikk og matøkt. Organiseringa av ettermiddagstreffa stod sokneprest Lars Arne Vik for. Aud Aga har stilt velvillig opp. Ein stor takk for innsatsen til begge.



### **Besøk i Kyrkja utanom gudsteneste.**

Barnehagen har vore på besøk i kyrkja 2 gongar i 2023.

### **Konsertar/ tilskipingar.**

Lesja barnekor var på besøk og hadde ein flott konsert i kyrkja.

I desember gjennomført me ein julekonsert med blant anna Ålvik musikklag, Kor i alle dagar og fleire andre musikkinnslag.

### **Strikketreff**

Det var 2 strikketreff i 2023.

Me ynskjer å ta strikketreff opp att i 2024. Det har vært eit populært tiltak, og strikkeprosjekta går til eit godt formål (For tidleg født klinikken på Haukeland )

### **Kyrkjeleg fellesråd.**

Ålvik sokneråd sine representantar i Kvam kyrkjelege fellesråd fram til og med oktober var Lisbeth Henriksen og Knut Hovland. Vara var Gunn Marie Aalvik og Tove Øvrevik.

Ålvik sokneråd sine representantar i Kvam kyrkjelege fellesråd fra 1. november er Ida Lindøe, Lisbeth Henriksen. Vara er Gunnveig Aga Augestad. Sjå elles eige årsmelding for fellesrådet.

### **Konfirmantarbeid.**

Fasteaksjon 2023 var i april.

Konfirmantane var bøssebærarar. I tillegg hadde man digital innsamlingsaksjon. Dersom man nytta facebook-innbetalingsalternativet fekk man registrert beløpet som innsamla i Ålvik. Me hadde i tillegg innsamling via vipps.

Samtalegudstenesta vart halde i april. Konfirmantfest vart halden for konfirmantar og foreldre. Det har vært lav deltakelse på konfirmantfesten dei siste åra. Det avtroppande soknerådet anbefalar at man slår saman festen med Øystese sitt arrangement. Det vil gavne begge sokna og sokneråda.

Det var kateket Mampionona Andriamandimby og konfirmantlærer Eivind Daniel Brakavatne Røed som hadde ansvaret for konfirmantundervisninga i Ålvik. Undervisninga var saman med Øystese sokn.

### **Trusopplæringstiltak.**

Det har vore utdeling av 4- årsbok og 6- årsbok (inkludert førsamlingar).

Konfirmant: omtala tidlegare i årsmeldinga. Ålvik sokneråd gav konfirmantane konfirmantbibel og smykke med steinkors i gåve.

Det har vært Lego klubb, gode tilbakemeldinger.

Ålvik barnekor har diverre hatt pause også dette året.

### **Kyrkjetenar.**

Sylvi Elvatun var kyrkjetenar i 2023 . Soknerådet takkar for godt arbeid og god hjelp.

### **Klokkar.**

Anja Øvrevik Lofthus var klokkar i Ålvik kyrkje i 2023. Ein stor takk til Anja for godt arbeide.



**Frivillige.**

21 frivillige medarbeidarar var engasjert i arbeidet i kyrkjelyden. Ein stor takk til alle!

**Endring i antal soknerådsmedlemmar**

Ålvik sokneråd har beslutta å endre antal soknerådsmedlemmar frå 8 faste medlemmar og 5 varamedlemmar til 6 faste medlemmar og 4 varamedlemmar.

**Sluttkommentar.**

Det avtroppande soknerådet har utført ei lett oppussing i sakristiet med mål om å auke funksjonaliteta av bygget både i forhold til trusopplæringstiltak og anna arbeid. Me håper det nye soknerådet fortsette dette arbeidet. Me oppmår til å søke om pengar til blant anna varmepumpe i sakristiet.

Som et ledd i betre marknadsføring av når det skjer noko i kyrkja i Ålvik annonserast alle gudstenester og andre tilskipingar både på facebooksida til «Ålvik kyrkjelyd» og «Aktuelt i Ålvik», i tillegg til oppslag rundt omkring i bygda. Det er godt å sjå at me i 2023 var oppe på same aktivitetsnivå som i 2019 før coronapandemien. Det avtroppande soknerådet fekk i 2019 oppmodning frå datidas avtroppande sokneråd om å vurdere bruken av ressursar i Ålvik kyrkje. Grunna pandemien fekk me aldri sett om tiltaka hadde nokon verknad før 2023. Me oppmodar det nye soknerådet til å ha fleire felles gudstenester med andre sokn både i Ålvik kyrkje og i andre sokns kyrkjer. Det er som regel få deltakarar i gudstenestane dersom det ikkje skjer noko spesielt som dåp, konfirmasjon, utdeling av bøker etc. Med såpass få deltakarar må det vurderast om det er økonomisk ansvarleg å fortsetja slik. Me ynskjer det nye soknerådet lukke til med arbeidet vidare.

På vegne av avtroppa sokneråd.

Ålvik 19.02.2024

Ragnhild Irene Nordheim, forhenværande soknerådsleiar.